

## Referat elevrådsmøte 02.09.2016

Tilstades: Moemel (7b), Eivind (7a), Simon (7a), Solveig (7b), Malin (7c), Liam (5a), Ivan (5b), Fredrik (5c), Dennis (5d), Julie (4a) og Mikkel (4b).

Saker:

1-2016/17 Val av leiar og nestleiar i elevrådet.

Etter tre valrunddar vart leiar og nestleiar klar.

Leiar er: Moemel 7B

Nestleiar er: Eivind 7A

2-2016/17 Kva er elevrådet og korleis arbeider vi?

Alle som møtte i elevrådet presenterte seg og sa kva klasse dei representerte. Etter det snakka vi om at elevrådet er eit viktig organ for elevane. Dei som er i elevrådet representerer ikkje berre seg sjølv, men heile klassa si. Møta er ein god plass for å ta opp saker som kan vere med å gje elevane ein betre skulekvardag.

Vi snakka også litt om kva saker ein bør ta opp i elevrådet. Saker som de meiner er gjennomførbare er gode å bruke tida på, mens saker som ikkje er realistisk anten økonomisk eller tidsmessig, kan det vere greitt å ikkje bruke for mykje tid på.

3-2016/17 Vennskapsveka

Elevrådet skal presenterast på oppstartssamlinga måndag 26 september. Der skal vi også lese eit dikt.

4-2016/17 Eventuelt.

Det var fleire som ville ta opp saker som omhandla utemiljøet og friminutta. Vi set det opp som eit eige punkt på neste elevrådsmøte.

Referent: Idar Rykkje Hopland

Alversund 16/9-2016